

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikegata 19 A, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

oseing.no

Plan id: 15282018004 Dykkar ref.: Vår ref.: P1541 Ålesund 18.12.2018

Detaljregulering for rorbuområde i Tandstadjørå, R01 og NA1 - varsel om oppstart av planarbeid – Sykkylven kommune

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for delar av eigedommane gnr./bnr. 21/1,3 og 29-33 i Sykkylven kommune.

Eldar Tandstad og Kjetil Tandstad er forslagsstillar og OSE ingeniørkontor AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg på vestsida av fylkesveg 60 ved Sykkylvsfjorden, i underkant av ein kilometer nord for Straumgjerde i Sykkylven kommune.

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gnr./bnr. 21/1,3, 29-33 og er på om lag 13 daa. Planområdet vil mest sannsynleg reduserast noko i storleik til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

Gjeldande overordna plan er kommunedelplan for Straumgjerde.

Området er i kommunedelplanen sett av til rorbu, naust og LNF-område.

Regulering

Planområdet er ikkje regulert. Det er ikkje starta opp regulering i nærområdet.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Rorbu og naustområde
- Avkjørsel til fylkesvegen etter gjeldande standard

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 23.11.2018, med følgjande hovudpunkt:

- Størrelse og utforming av rorbuer
- Tiltak i sjø
- Trafikkavvikling
- Jordvern og dyrka jord
- Kommunaltekniske anlegg

Konsekvensutgreiing

Etter ei samla vurdering vert det vurdert at detaljplanen for rorbuområde i Tandstadfjørå ikkje medfører krav om konsekvensutgreiing eller planprogram. Plan er hovudsakleg i tråd med KDP Straumgjerde.

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post bjarte@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 23.11.2018, planinitiativ, varslingsbrev og forskjellige kart blir lagt ut på Sykkylven kommune og på OSE sine heimesider under kunngjeringar.

Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE ingeniørkontor AS på e-post firmapost@oseing.no

eller

OSE ingeniørkontor as
Vikegata 19 A,
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **18.01.2019** Merk fråsegn med P1541.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob 974 89 987

Vedlegg:

Detaljregulering rorbuområde Tandstadfjorå_framlegg plangrense 2018_18_12
Detaljregulering rorbuområde Tandstadfjorå_framlegg plangrense ortofoto 2018_18_12
Detaljregulering rorbuområde Tandstadfjorå_framlegg plangrense KDP 2018_18_12

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 23.11.2018

Brev sendt elektronisk til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Statens vegvesen
NVE
Sykkylven Energi
ÅRIM
Straumgjerde Vassverk SA
Sykkylven kommune
Eldar Tandstad

Brev (grunneigar/nabo):

Bjarte Grebstad
Geir Tandstad
Karsten Tandstad
Harald Tandstad
Jan Kåre Oterhals